

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 2. februar 2021

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 2.februar 2021 kl. <u>17.00-1900.</u>
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Karen Valvatne
Marta Kristin Valvatne lagar til kaffi☺	

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Innkalla: Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

Forfall: Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten, Kristine Wiersen.

SAKLISTE

2022/01- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent

2021/ 02-012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøtet 08.12.2020

Godkjent

2021/03 – 350: Kyrkjelydspedagog Brynhild Meyer Stautland orienterer om arbeidet ho gjer som Kyrkjelydspedagog.

Saksutgreiing: Soknerådet inviterer tilsette i staben for å orientere om arbeidet, seia noko om tankar og draumar framover og om kva dei forventar av oss i soknerådet. Til dette møtet var Brynhild Meyer Stautland , som er kyrkjelydspedagog i Nysæter kyrkje, invitert.

Soknerådet fekk ei grundig innføring i planane for trusopplæringsarbeidet 14-18 år og korleis koronarestriksjonane har gitt og gir nye utfordringar og løysingar. Nysæter sokneråd er takksame for engasjementet i staben og ser saman med dei både hindringar og muligheter. Noko av dette ynskjer soknerådet vert vidare drøfta under «Døgnet» komande helg då temaet er «Frivillig i Folkekyrkja».

2021/04 -365: 30-årsjubileum

Saksutgreiing. I desember 2021 er det 30 år sidan Nysæter kyrkje vart vigla. Dette hadde vore fint å markere med mellom anna ei gudsteneste. Andre arrangement er også aktuelt.

Vedtak: Me opprettar ein jubileumskomite som skal leggja til rette for 30-års markering i kyrkja og orientera soknerådet undervegs i prosessen.

Komitesamansetjing:

2 frå soknerådet: Marit Grimstad og Heine Kaldefoss

2 frå kyrkjelyden: Rune Jørgensen(Marit Grimstad spør)og Hildegunn Heimro (Oddbjørg Løkling spør)

2 frå stab: Jørgen Knudsen og Reidar Ådnanes (Jørgen Knudsen spør)

Marit Grimstad kallar inn til første komitè møte.

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 2. februar 2021

20221/05 – 365:Kyrkjebasar:

Soknerådet vedtok i 2019 at kyrkjebasaren skal avhaldas annakvart år. Neste kyrkjebasar vert då hausten 2021. Soknerådet skal fastsetja dato og velja ein representant i basarkomiteen. Komiteen er sett saman av medlemmer frå kyrkjeringsen og soknerådet. Soknerådet må bestemme kva inntektene frå basaren skal brukast til.

Vedtak: Inntektene frå kyrkjebasaren skal brukast til oppgradering av det tekniske anlegget for lys, lyd og bilete.

Frå Nysæter sokneråd møter Marta Kristin Valvatne og Karen Valvatne.

Vidare spør Jørgen Knudsen om Reidun Andersen kan vera med. Kari Røksund har sagt seg villig til å hjelpa til. Jubileumskomiteen vert sett på som ein samarbeidspartnar.

Marta Kristin kallar inn til første møtet og tek kontakt med Målfrid Helle i Kyrkjeringsen for å innhenta info frå tidlegare basarar og event få tips til fleire personar i komiteen. Tidspunkt for basaren: ein gong på hausten dersom eller når fleire kan møtast i kyrkjerommet- (pga korona).

2021/06-046 Kyrkjelyden sitt årsmøtet:

Saksutgreiing: Kyrkjelyden skal kvart år avhalde eit årsmøte. Soknerådet må setje av ein dato for dette.

Vedtak: Kyrkjelyden sitt årsmøtet vert 18.04 rett etter gudstenesta.

Frist for innsending av rapport frå trusopplærar, diakon, kantor, prest og leiar er 19.februar.

Årsmeldinga skal leggjast ut 2 veker før årsmøtet.

- **Referat og meldingar:**

- Møtebok frå Fellesrådet 15.desember 2020
- Styremøte i Stord KFUK/KFUM 20.1. 2021

- **Generell info:**

- Kyrkjelege aktivitetar framover
 - Trusopplæring: mange utearr er planlagde
 - Puls på livet: utsett på ubestemt tid
- Nye stoler i kyrkja: Soknerådet ynskjer at ungdomslokalet i kjellaren vert møblert med dei nye stolane som er til overs oppe. Me inviterer Karoline Emmerhoff til ei gudsteneste i Nysæter kyrkje når fleire kan møtast
- Smittevern
- Døgnet: 5. og 6. februar 2021 fordelt på fire stader pga smittevern
- Ny diakon i Stord og Nysæter sokn – var med på gudstenesta i Nysæter 31.01.21 og vert invitert til soknerådsmøtet 24.3.2021

Marit Stalheim Grimstad
Soknerådsleiar
Sign

Oddbjørg K. Løking
Nestleiar /referent

Sign

Neste møte i soknerådet vert 24mars kl. 17.00 **Merk endra dato.**

Kaffi: Marit Stalheim Grimstad

Opning: Jens Arne Stautland